

Referat frå årsmøtet til Varhaugbuen for 2023

Årsmøtet vart halde i Bygdahuset i Rådhusgata 2a, måndag 15. april 2024, kl. 19.00.

Desse møtte:

Per-Arvid Jakobsen, Varhaug misjonshus/styret , 92617652

Liv Hobberstad, redaktør

Terje Vik, Varhaug bedriftsforening/styret, 91746992

Björg Judith Holmebakken Åmodt, Varhaug bygdekvinnelag, 91543137

Gro Ånestad Bratland, Varhaug bygdekvinnelag, 93038443

Björg Reime Håland, bladbud, 41231732

Brit Obrestad, Vennelaget Lerbrekk/styret, 90882940

Håkon Varhaug, Varhaug bondelag, 90113828

Live Skretting, Varhaug bygdeungdomslag, 41408073

Siri Skretting, Varhaug bygdekvinnelag, 99028693

Astrid Skretting, Varhaug bygdekvinnelag / vennelaget lensmannsløa ,48048753

Glenn Skretting, Varhaug misjonshus, 99302566

Merete Grov Haogsgjerd, Hå Karateklubb, 45253502

Ingvar Reiestad, styret

Andreas, Bjorland ordfører, invitert

Per-Arvid Jakobsen sendte rundt liste slik at dei som kom kunne skrive seg inn.

Leiar Terje Vik ynskte alle velkomen, og spesielt velkommen til Andreas Bjorland som skulle gi eit innblikk i kvardagen som ordførar.

Og leiaren ga ordet til Andreas før ein tok årsmøtesakene. Andreas presenterte seg og ga en rask orientering om familie og yrkeserfaringer. Han snakket varmt om Varhaug og utfordringar politikarar hadde i nærmiljøet og utover heile Hå. Han vart ivrig når det galdt planer for landbasert fiskeoppdrett i Sirevåg,- og måtte bremsast litt av bondelaget,- noko han tok med fatning og me fekk ein god latter, Også samarbeid og kiving med nabokommunane vart trukke fram.

Det var eit godt innlegg som fekk både klapping og blomster til takk!

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Samrøystes godkjent

2. Val av møteleiar og referent

Terje Vik vart vald til møteleiar og Per-Arvid Jakobsen til referent.

- 3 Val av to til å underteikne møteboka saman med møteleiaren

Håkon Varhaug og Björg Reime Håland vart vald til å skriva under møteboka.

4. Årsmeldinga for bladet

Terje Vik gikk gjennom årsmeldinga med bruk av prosjektor på storskjerm. Etter denne gjennomgangen, nemde Per-Arvid at på siste side i innkallinga er medeigarar i Varhaugbuen lista opp,

og dei som ikkje lenger er aktive er tatt bort slik ein vart samde om på forrige årsmøte. (Bridgeklubben og skulekorpsset). Nytt var at Hå karateklubb hadde meldt interesse for å bli med i den flotte gruppa.

Samrøystes godkjent

5. Rekneskap for bladet

Rekneskapen ble vist på storskjerm. Kommentar om at sauen og følet nemnt i rekneskapen står på skulen, sauen utføre biblioteket. Og det vart nemnd at styret hadde drøfta spørsmål om registrering i momsregisteret fordi inntekter av annonsar oversteig grensa på 140000 slik revisorane påpeikte. Men sidan det no vert kraftig nedgang på annonseinntektane, treng ein ikkje gjera det.

Samrøystes godkjent

6. Innkomne saker

Ikkje nokon sak var meldt inn..

7. Val av styre

Det vart bemerka at styremedlem i post A, B og C vert vald av organisasjonane. Posisjon A veksler mellom BU og Svala 4H,- posisjon B veksler mellom Bondelaget og bygdekvinnelaget og posisjon C er det Varhaug bedriftforening som har. Valg til desse plassane er det slik at årsmøtet berre godkjenner, medan D og E vert valde av årsmøtet, dette året posisjon E.

A. Sondre Malmin, BU -

ikkje på val

B. Gaute Ødemotland, Bondelaget: går ut, ny frå bygdekvinnelaget – ikkje klart

C. Terje Vik, VBF: går ut, ny frå VBF var ikkje klart

D. Brit Obrestad, Vennelaget Lerbrekk skule – ikkje på val

E. Per-Arvid Jakobsen, Misjonshuset – attvald for 2 år

(Dei nye frå bygdekvinnelaget og VBF vert melde til styret så snart råd er.

1 av representantane skal veljast til leiar. Styret konstituerer seg sjølv)

8. Val av

1. varamann: Ingvar Reiestad, Vennelaget Lerbrekk skule – attvald for 1 år

2. varamann: Anne Mette Tunheim, Vennelaget for Lensmannsløa– attvald for 1 år

9. Val av revisorar :

Rune Odland og Irene Hobberstad – attvald ved akklamasjon

Dermed var årsmøtet gjennomført og ein gjekk over til enkel servering med flotte smørbrød og kake frå brukartorg, kaffe og eplemost.

Møteleiar Terje Vik takka så for frammøtet.

Ref: Per-Arvid Jakobsen


Bjørge Reime Håland Håkon Varhaug Per-Arvid Jakobsen